

---

**Emne:** Høyringarfråsegn

**Til:** Post Språkrådet <post@sprakradet.no>

**Sendt:** 14.03.2023 15:34:50

**Fra:** Peder Nicolai Lea Reime <peder\_nicolai@hotmail.com>

Hei,

Når det gjeld «hub» og «spot» tykkjer eg at det heller bør brukast norske avløyssarar, og desse engelske orda bør difor framleis vera unormerte. Mandatet dykkar er å varveitsla norsk mål, ikkje skitna det til med engelsk. Her vil norvagisering vera betre enn å taka orda inn slik de føreslår, altso høbb til dømes. Å fjerna kv- i dei framlagde orda vil vera ei danskifisering og ein regresjon. Det er nett samnorsken og påverknaden nynorsken har hatt på bokmålet som er grunnen til at bokmål i det heile kan kallast norsk. No kan det argumenterast for at all bokmål er dansk, men å fjerna kv- i bokmålet steg for steg vil utvitydig gjera bokmålet mykje danskare att.

Alt anna de har lagt fram er greitt. Eg vil samstundes tilrå dykk å sjå på dei ov gode framlegga frå Voss mållag, jamvel dei skjønar mandatet dykkar betre enn dykk sjølve. Nynorsken er eit eige sjølvstendig mål og lyt handsamast slikt likeins bokmålet i 2005.

Peder Nicolai

Student